

## Innkomne innspel etter utsending av saka

1. IT- Sunnfjord
2. Jon H. Sørland, klubbleiar Utdanningsforbundet Flora vgs
3. Roald Standnes, Bilbransjens opplæringskontor AS
4. Solveig Willis, Salomon Group og Kathrine K. Larsen, MH Region Vest
5. Stein Kvalsund, Maritim Forening Sogn og Fjordane
6. Hege Sætren, Elevrådsleiar Måløy vgs
7. Paul Olaf Baraas, Maskinentreprenørenes Forbund Region Vest
8. Øystein Garfors, arbeidslivskontakt ved Flora vgs og Jon Holsvik Sørland, hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet ved Flora vgs
9. Morten Husa, Rørentreprenørene Norge – Vest AS, Rørentreprenørenes opplæringskontor – Hordaland, Bergens Rørleggerlaug



## Datateknisk utdanning på vidaregåande skule i Sunnfjord

Underteikna bedrifter ynskjer at hovudutval for opplæring og fylkestinget legg til rette for datateknisk utdanning på vidaregåande også i Sunnfjord.

Bakgrunnsinformasjon:

VG3 dataelektronikar var fram til 2013 eit tilbod ved Mo og Øyrane vgs. VG3 linja vart då teken ned i skulebruksplanen, men vg2 data- og elektronikk er framleis ved skulen. Dei 3 siste åra tilbodet eksisterte tok næringslivet inn 28 av 31 elevar som lærlingar. (Dokumentasjon kan framleggast)

Kvifor linja bør gjenopprettast:

- **Mange bedrifter og eit veksande teknologimiljø** i regionen gjev **stort behov for datakompetanse** på ulike nivå. Vi treng lærlingar, fagarbeidarar og personar med bachelor/master.
- Ved vg3 er elevane utplassert i bedrift enten 2 dagar i veka eller anna tilsvarande ordning. Kort avstand skule-elev-bedrift gjer det enklare for alle og det gjer samarbeid mykje lettare. Utplassing gjev ofte grunnlaget for inntak av lærling.
- Elevane som går datalinja på vg2 ved Mo og Øyrane vgs må i dag flytte på hybel for å kunne fullføre utdanninga ved annan skule. I verste fall må dei i tillegg ha ein anna hybel under utplassing

### Oversikt gruppetal datautdanning 2016-2017

Skuleåret 2016-2017	Mo og Øyrane	Eld	Sogndal
Vg1 elektro	3	3	2
Vg2 Data og elektronikk	1	1	1
Vg3 Dataelektronikar	0	1	2

Slik vi ser det vil det være til **stor fordel for næringsliv, stor fordel for elevane** å kunne fullføre utdanninga i eigen region. Vi meiner at oppretting av vg3 i Sunnfjord også gjer det lettare for elevane å få læreplass. Slik vi har forstått er det tilgjengeleg lokale der linja var før og ein får derfor heller ikkje auka kostnader for fylkeskommunen med ei ny fordeling.

Dataelektronikar utdanninga er viktig for regionen. Vi har eit stort og veksande tal IT arbeidsplassar og treng framtidig rekruttering i ei veksande næring. Vi har tidlegare vist at regionen har teke imot alle lærlingar ved utdanninga og skal saman klare det igjen:

Fjordane IT: -Sign: Dagmund Fauske	Enoro: -Sign: Stian Madsen	Lotteri og stiftingstilsynet: -Sign: Atle Hamar
Helse Vest IKT: -Sign: Erik M. Hansen	Ewos: -Sign: Bjørge Aguirre	SYS IKT: Sign: Åge Klausen
Enivest: -Sign: Nandor Helgheim	Proresult: -Sign: Andreas Haug	Kontorsenteret AS: -Sign: Norleif Bruland
INTIN: -Sign: Rune Viken	Sparebanken Sogn og Fjordane: -Sign: Geir Grime	Mediebruket -Sign: Arild Nybø
Totaldata: -Sign: Rune Ness	ATEA: -Sign: Vidar Fossen	Tibber: -Sign: Edgeir Aksnes

Lotteri- og stiftelsestilsynet har gjennom mange år hatt eit tett samarbeid med linja på Øyrane, og vi har erfart den direkte nytteverdien gjennom tilgang på godt kvalifiserte lærlingar og utplasserte.

Det er også vårt klare inntrykk at tal IT arbeidsplassar i regionen er aukande. Til dømes har vi i tilsynet auka med to nye årsverk IT-utviklarar i løpet av siste året. Av våre vel 70 tilsette er 9 på IT utvikling og drift.

- *Sign: Atle Hamar, Adm. Dir. Lotteri og Stiftingstilsynet*

Støttés både på vegne av EWOS og som leder i prøvenemd for dataelektronikerfaget.

- *Sign: Bjørge Aguirre, Manager IT Operations & Services EWOS Group Global IT EMEA*

2

## Fleire argument for at rette elevtalet i Flora er 600

- På ungdomstrinnet i Flora går det kvart år 500 elevar (årskulla 99, 00 og 01 har til dømes 503. Dette betyr at kommunen åleine kunne fylt opp ein vidaregåande skule med 500 elevar om vi hadde hatt rette tilbodet. I tillegg kjem Bremanger med sine 150. Minst halvparten av desse soknar naturleg til Flora. Då er vi oppe i 575 før vi har sett på innpendling frå Askvoll, Naustdal og andre kommunar. (Tala henta frå sakspapira)
- Flora er den kommunen i fylket med størst elevtal ut frå 10. klasse hausten 2017 med 182. (Henta frå saka)
- Det står i den allereie politisk vedtekne skulebruksplanen at VG2 Klima, energi og miljøteknikk skal ligge i Florø. (Henta frå saka)
- Fagopplæringsnemnda skriv i sakspapira at fylket har vanskar med å fylle opp mange av linjene i fylket, som matfag, frisør, bilskade, lakk og karosseri, kjemi og prosess. (Henta frå saka) Då meiner eg at det vert naturleg å prøve å lyse ut i Flora der det er flest elevar, og har siste åra hatt svært høg oppfyllingsgrad.
- Opplæringskontoret for prosess- og mekanisk industri peiker på at det er svært vanskeleg å rekruttere til kjemiprosess her i fylket og har foreslått at VG2-kjemiprosess også bør verte oppretta i Flora. (Henta frå sakspapira)
- Sogn og fjordane fylkeskommunen har oppretta tilbod for vaksne minoritetsspråklege ved Førde og andre stadar i fylket, men ikkje i Flora. (Henta frå saka) Mi meining er at dette er klar forskjellsbehandling. Det er merkeleg å busse innvandrara til Førde kvar dag, når vi også kunne hatt liknande tilbod i Flora.
- VG1 Brønnteknikk ligg også inne i skulebruksplanen, men vert likevel ikkje lyst ut i Flora. (Henta frå saka) Mi meining er at det vart riktig å krevje kompensasjon for dette bortfallet.
- Det er like langt frå Førde til Flora som frå Flora til Førde. Mange elevar har i mange år pendla til Førde for å gå på skule der. Det burde sjølvsagt vere like naturleg å pendle til Florø for å få eit tilbod i kystbyen.
- Transport og logistikk bør også kunne vere eit naturleg tilbod ved skulen, ettersom byen er det største logistikknutepunktet vi har i fylket.
- Yrkesfagavdelinga i Flora er liten og sårbar. Tek du bort eit tilbod, står eit nytt i fare fordi det då vert færre søkararar til VG1. Vi har mist mange elevar fordi brønnteknikk ikkje lengre er eit tilbod ved skulen.

Mvh Jon H. Sørland, klubbleiar Utdanningsforbundet Flora vgs.

**Merete Husabø Nornes**

---

**Fra:** Karianne Alette Torvanger  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 10:28  
**Til:** Hovudutval for opplæring (HO)  
**Emne:** VS: orientering til hovudutval for opplæring angående  
**Vedlegg:** framlegg.16117985d16117985.b3f7b1e387.pdf; dimensjonering 2017.pdf;  
vedlegg-2-fon-sak-1216-saksutgreiing-og-  
vedlegg.16119665d16117985.b868438f2a.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Videresender denne også!

Mvh  
Karianne

**Fra:** Roald Standnes [mailto:roald@bok-sfj.no]  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 10:25  
**Til:** Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>  
**Emne:** orientering til hovudutval for opplæring angående

**Til hovudutvalet for opplæring**

Viser til framlegg om å redusere tal plassar på **VG2 køyretøy** og **VG2 bilskade, lakk og karosseri** ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Vi er usikre på om vårt innspel til dimensjoner 2016-2017 (vedlagt) er godt formidla i saksutgreiing til fagopplæringsnemndas sak 12/16 (vedlagt).

Det er viktig å få med seg at bilbransjen stiller med både lokale og utstyr for å oppretthalde ei fylkesdekkjande **VG2 bilskade, lakk og karosseri** linje, ref. fylkestingsvedtak SAK 26/13. Vår statistikk seier at bilbransjen treng ca. seks til åtte søkjarar kvart å frå denne klassen. **Vi ber om at det blir utlyst åtte plassar i denne fylkesdekkjande linja.**

Per i dag er det tre klassar med tolv elevar på **VG2 køyretøy** i fylket. Av desse tre klassane er ca. 30 elevar tenkt til bilfaga og ca. seks til motormekanikar (maritimefag). Vår statistikk seier at bilbransjen skal teikne 29 lærekontraktar i bilfaga som rekrutterer i frå **VG2 køyretøy**, dvs. at dimensjoneringa no stemmer bra med tal læreplassar. **Vi ber om at det blir utlyst tolv plassar i kvar region.**

I vedlagt saksutgreiinga til fagopplæringsnemndas sak 12/16 står det at det per 1. september 2016 er ni søkjarar utan læreplass i bilfaga, vi meiner at det er feil å nytte desse tala som grunnlag for dimensjonering av klassane. Vi veit at dei aller fleste får seg læreplass gjennom utplassering i skuletida, men av ulike årsaker vil ein heil del av søkjarane ikkje få seg læreplass før etter 1. september. Bilbransjens stiller gjerne opp og orienterar om årsaka til at desse søkjarane er «trege» å formidle og korleis vi eventuelt kan hjelpe desse søkjarane.

Helsing  
**Roald Standnes**  
Daleg leiar  
**Bilbransjens Opplæringskontor AS**  
Mob: 951 68 513

## Roald Standnes

---

**Fra:** Roald Standnes  
**Sendt:** onsdag 5. oktober 2016 14:49  
**Til:** Sissel Brusegård (sissel.brusegard@sfj.no)  
**Kopi:** Odd Arild Dale (oad@opusas.no); Ørjan Solvang (oerjan.solvang@nordfjord.toyota.no)  
**Emne:** Innspel til dimensjonering av klassar 2017-2018, BOK

Til opplæringsavdelinga

### **Innspel til dimensjonering av klassar for skuleåret 2017-2018**

#### **VG2 køyretøy**

Per i dag er det godt samsvar mellom tal læreplassar og elevar som søker mot bilfaga i frå desse tre klasse. Vi ber om at denne dimensjoneringa blir halden fast og at tilbudet fortsatt blir tilgjengeleg i alle tre regionane.

#### **VG2 bilskade, lakk og karosseri**

Opplæringskontoret viser til fylkestingsvedtak SAK 26/13 skulebruksplan ...:

*-vg2 bilskade, lakk og karosseri vert nytt tilbud ved skulen om fylkesrådmannen finn løysingar saman med næringslivet/bransjen for den praktiske delen av opplæringa. Om ein ikkje får til slike løysingar blir det ikkje tilbud om vg2 bilskade, lakk og karosseri i eige fylke.*

Erfaring frå dei siste åra viser at det er utfordrande å få fylt klassen med søkerar i frå heile fylket. Når tilbudet vart planlagt var tanken at elevane skulle ha praksis nær sin heimstad og bu heime når ein var i praksis, men erfaring så langt er at nær alle elevane kjem i frå Sunnfjord. Dette gjer at i billakkerar- og opprettarverkstadane i Sunnfjord (i praksis Førde og Florø) får svært mange elevar til utplassering. For å lette trykket på desse bedriftene har elevane ein del av praksisen på skulen og i opplæringskontoret sine lokalar, lokala er ikkje dimensjonert for tolv elevar, det er derfor svært krevjande å gje desse elevane god praksisundervisning.

Med bakgrunn i dette ber vi om at det frå hausten 2017 blir lyst ut åtte plassar i bilskade, lakk og karosseri.

#### **VG1 TIP, Stryn**

Vi viser til tidlegare innspel i frå Sogn og Fjordane Bilbransjeforeining og Bilbransjens Opplæringskontor der det blir påpeika at rekruttering til bilfaga sviktar når VG1 TIP ikkje er tilstade som eit rekrutteringsverktøy for lokale bedrifter. Vi ber derfor om at ein klasse VG1 TIP blir lagt til Stryn vgs.

Helsing

**Roald Standnes**

Dagleg leiar

**Bilbransjens Opplæringskontor AS**

Mob: 951 68 513

4

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Bekka Skaasheim  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 21:34  
**Til:** Susan Kathinka Halvorsen Husabø; Merete Husabø Nornes  
**Emne:** Fwd: Opplæringstiludet YSK (TAF) ved Måløy Videregående Skule  
**Vedlegg:** image001.png; ATT00001.htm; TAF uttale.pdf; ATT00002.htm

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** "Larsen, Kathrine" <kathrine.larsen@marineharvest.com>  
**Dato:** 21. november 2016 kl. 21.24.01 CET  
**Til:** "karianne.torvanger@sfj.no" <karianne.torvanger@sfj.no>, "alfred.bjorlo@sfj.no" <alfred.bjorlo@sfj.no>, "gunn.amdal.mongstad@sfj.no" <gunn.amdal.mongstad@sfj.no>, "anders.ryssdal@sfj.no" <anders.ryssdal@sfj.no>, "ole.johnny.stubhaug@sfj.no" <ole.johnny.stubhaug@sfj.no>, "henrik.oppen@sfj.no" <henrik.oppen@sfj.no>, "senea.sabanovic@sfj.no" <senea.sabanovic@sfj.no>, "Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no" <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>, "Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no" <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>, "Trude.Brosvik@sfj.no" <Trude.Brosvik@sfj.no>, "bekka.skaasheim@sfj.no" <bekka.skaasheim@sfj.no>, "sigurd.erlend.reksnes@sfj.no" <sigurd.erlend.reksnes@sfj.no>, "ashild.kjelsnes@sfj.no" <ashild.kjelsnes@sfj.no>, "noralv.distad@sfj.no" <noralv.distad@sfj.no>, "trude.brosvik@sfj.no" <trude.brosvik@sfj.no>, "Gunhild.Berge.Stang@sfj.no" <Gunhild.Berge.Stang@sfj.no>, "frank.willy.djuvik@sfj.no" <frank.willy.djuvik@sfj.no>, "Stein.Faleide.Malkenes@sfj.no" <Stein.Faleide.Malkenes@sfj.no>, "Jakob.Andre.Sandal@sfj.no" <Jakob.Andre.Sandal@sfj.no>  
**Kopi:** Solveig Willis <solveig@salmongroup.no>, Åsta Navelsaker Røed <Asta.Navelsaker.Roed@sfj.no>, "Larsen, Kathrine" <kathrine.larsen@marineharvest.com>  
**Emne:** Opplæringstiludet YSK (TAF) ved Måløy Videregående Skule

Hei!

Viser til evaluering av opplæringstilbudet YSK (TAF) ved Måløy Videregående Skule (VGS).

Salmon Group AS og Marine Harvest Norway AS vil stille seg bak uttalelsen fra Maritim Forening (vedlagt) og ber om at en opprettholder eksisterende YSK(TAF)- tilbud ved Måløy VGS.

Sammen representerer våre to selskap 90 % av alle oppdrettsselskapene i Sogn og Fjordane. Vi vil påpeke at akvakultur er en bransje fylket har sagt at det skal satse på, og det er allerede et stort behov for fagarbeidere.

Det er et stort pluss for vår næring at vi har ei utdanning i fylket som retter seg mot høyere utdanning. Både Marine Harvest og Salmon Group har god erfaring med elever som går og har gått «TAF-akva». Tilbudet har ikke eksistert i mange år, men vi har gode erfaringer med dedikerte elever og det er allerede noen som søker seg videre på høyere utdanning.

Vi ber om at Sogn og Fjordane Fylkeskommune ikke ødelegger for arbeidet med oppfølging av verdiskapingsplanen, der vekst i verdiskaping fra blant annet havbruksnæringa var et av hovedsatsingsområdene.

Kunnskapsbygging og rekruttering var sett på som viktige virkemidler som skulle på plass for å vitalisere de blå linjene i Sogn og Fjordane. Marine Harvest har signert avtale om undervisningskonsesjon tilknyttet Måløy VGS. I tillegg er søkertallet økende både til naturbruk, akvakultur og «TAF-akva».

Næringslivet har et tett samarbeid med Måløy VGS, og vi ser TAF akva som viktig for videreutviklingen av vår næring i dette fylket.

Ta gjerne kontakt dersom dere har spørsmål.

Med vennlig hilsen Solveig Willis, Salomon Group og Kathrine K. Larsen, MH Region Vest.

Med vennlig hilsen / Best regards

**Kathrine K. Larsen**

HR Manager  
MARINE HARVEST NORWAY AS  
Region West

---

MOBILE: +47 99 69 80 66

DIRECT: +47 21 56 21 78

MAIL: [kathrine.larsen@marineharvest.com](mailto:kathrine.larsen@marineharvest.com)

## Uttale TAF

Kysten av Sogn og Fjordane gjev grunnlag for stor auke i verdiskapinga i åra framover. Dei marine og maritime næringane vil ha behov for betydeleg meir kompetanse. Det er derfor viktig at ALLE utdanningstilbod retta mot marine og maritime næringar blir styrka. Ein reduksjon av TAF-tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vil vere å svekke grunnlaget for vekst i Sogn og Fjordane.

SINTEF prognoserer at norsk marin produksjon kan seksdoblast i perioden 2010-2050. Berre 6-7 % av verdas matforsyning kjem i dag frå havet. Innan 2050 blir det 9 milliardar menneske på jorda. Graden av matforsyning frå havet må auke vesentleg. Samstundes blir kysten og havrommet arena for stadig meir næringsaktivitet.

Maritim Forening Sogn og Fjordane støttar derfor den noverande TAF-ordninga innan vidaregåande opplæring der den einskilde elev vert sikra ei kombinert teoretisk og praktisk opplæring. For våre medlemsverksemd er det ei stor føremun at studentane etter 4 år går du ut av den vidaregåande skulen med både fagbrev og studiekompetanse.

Fagbrevet kvalifiserer elevane til å gå rett inn som fagarbeider i ei verksemd. Og vi ser det og som svært viktig at studiekompetansen – med full fordjuping i matematikk og fysikk – gjev grunnlag for opptak til alle universitet og høgskular, ikkje minst grunngeve i den stadig aukande manko på kvalifiserte ingeniørar til våre næringsaktørar. Difor er TAF ordninga og på fleire måtar et mønstereksempel på at samarbeidet mellom næringslivet og skulen gjev aktørane eit meiningssinnhald.

Mange av våre medlemsverksemd samarbeider om dette utdanningsløpet. Tilbakemeldingane og opplevd resultat av denne utdanningsmodellen er svært positive, både for den einskilde elev som kan bygge vidare ved å satse på høgare relevant utdanning, for den vidare rekruttering til næringslivet, men og for yrkesfaga sin status. TAF er og etter vår meining, i regi av fylkeskommunane (som skuleeigar ) og næringslivet/arbeidslivet, eit godt instrument og verktøy for å dimensjonere fagopplæring. Elevar frå TAF-lina er svært ettertrakta hos næringslivet på grunn av den gode koplinga mellom teori og praksis i heile utdanningsløpet.

Synspunkt frå ulike miljø tydar og på at TAF modellen fungerer best når tilbodsstrukturen løysast på lokalt plan – slik som no – utan m.a. nasjonale retningslinjer. Det gjer og modellen meir fleksibel og skreddarsydd i høve til regionen sine rekrutteringsbehov.

Fullføringsprosenten for TAF-elevar er høg og elevane oppnår både fagbrev og generell studiekompetanse. Dette i motsetnad til mange elevar frå yrkesfagleg studieretning som ikkje består allmenn påbygg og som står att utan fagbrev eller studiekompetanse. Maritim Forening Sogn og Fjordane meiner at vidareføring av noverande modell på langt sikt vil gje dei beste og mest kompetente medarbeidarane for næringslivet og for våre medlemsverksemd spesielt.

Florø, 18.11.2016

Maritim Forening Sogn og Fjordane



5

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Karianne Alette Torvanger  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 15:57  
**Til:** Bekka Skaasheim; Merete Husabø Nornes  
**Emne:** VS: Utale TAF ordning ved Måløy vidaregåande skule  
**Vedlegg:** Stein Kvalsund.vcf; TAF uttale.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

**Fra:** Stein Kvalsund [mailto:stein@maritimsfj.no]  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 08:06  
**Til:** Sigurd Erlend Reksnes <Sigurd.Erlend.Reksnes@sfj.no>; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes <Ashild.Kjelsnes@sfj.no>; Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Gunhild Alis Berge Stang <Gunhild.Berge.Stang@sfj.no>; Frank Willy Pedersen Djuvik <Frank.Willy.Pedersen.Djuvik@sfj.no>; Jakob Andre Sandal <Jakob.Andre.Sandal@sfj.no>; Stein Faleide Malkenes <Stein.Malkenes@sfj.no>; Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>  
**Kopi:** Trond Strømgren <trond@maritimsfj.no>; Åsta Navelsaker Røed <Asta.Navelsaker.Roed@sfj.no>  
**Emne:** Utale TAF ordning ved Måløy vidaregåande skule

Hei

Syner til vedlagt uttale i samband med handsamling av TAF ordning ved Måløy vidaregåande skule.

Helsing

### Stein Kvalsund

*Dagleg leiar*

Maritim Forening Sogn og Fjordane

[www.maritimsfj.no](http://www.maritimsfj.no)

Mobil: +47 97 69 87 85

Email: [stein@maritimsfj.no](mailto:stein@maritimsfj.no)

Video: [stein.kvalsund@vcn.no](mailto:stein.kvalsund@vcn.no)

#### **Stein Kvalsund**

Maritim Forening Sogn og Fjordane  
Dagleg leiar

+47 97698785 Arbeid  
+47 97698785 Mobiltelefon  
[stein@maritimsfj.no](mailto:stein@maritimsfj.no)  
Strandgata 17  
6900 Florø

## Uttale TAF

Kysten av Sogn og Fjordane gjev grunnlag for stor auke i verdiskapinga i åra framover. Dei marine og maritime næringane vil ha behov for betydeleg meir kompetanse. Det er derfor viktig at ALLE utdanningstilbod retta mot marine og maritime næringer blir styrka. Ein reduksjon av TAF-tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vil vere å svekke grunnlaget for vekst i Sogn og Fjordane.

SINTEF prognoserer at norsk marin produksjon kan seksdoblast i perioden 2010-2050. Berre 6-7 % av verdas matforsyning kjem i dag frå havet. Innan 2050 blir det 9 milliardar menneske på jorda. Graden av matforsyning frå havet må auke vesentleg. Samstundes blir kysten og havrommet arena for stadig meir næringsaktivitet.

Maritim Forening Sogn og Fjordane støttar derfor den noverande TAF-ordninga innan vidaregåande opplæring der den einskilde elev vert sikra ei kombinert teoretisk og praktisk opplæring. For våre medlemsverksemder er det ei stor føremun at studentane etter 4 år går du ut av den vidaregåande skulen med både fagbrev og studiekompetanse.

Fagbrevet kvalifiserer elevane til å gå rett inn som fagarbeider i ei verksemd. Og vi ser det og som svært viktig at studiekompetansen – med full fordjuping i matematikk og fysikk – gjev grunnlag for opptak til alle universitet og høgskular, ikkje minst grunngjeve i den stadig aukande manko på kvalifiserte ingeniørar til våre næringsaktørar. Difor er TAF ordninga og på fleire måtar et mønstereksempel på at samarbeidet mellom næringslivet og skulen gjev aktørane eit meningsinnhald.

Mange av våre medlemsverksemder samarbeider om dette utdanningsløpet. Tilbakemeldingane og opplevd resultat av denne utdanningsmodellen er svært positive, både for den einskilde elev som kan bygge vidare ved å satse på høgare relevant utdanning, for den vidare rekruttering til næringslivet, men og for yrkesfaga sin status. TAF er og etter vår meining, i regi av fylkeskommunane (som skuleeigar ) og næringslivet/arbeidslivet, eit godt instrument og verktøy for å dimensjonere fagopplæring. Elevar frå TAF-lina er svært ettertrakta hos næringslivet på grunn av den gode koplinga mellom teori og praksis i heile utdanningsløpet.

Synspunkt frå ulike miljø tydar og på at TAF modellen fungerer best når tilbodsstrukturen løysast på lokalt plan – slik som no – utan m.a. nasjonale retningslinjer. Det gjer og modellen meir fleksibel og skreddarsydd i høve til regionen sine rekrutteringsbehov.

Fullføringsprosenten for TAF-elevar er høg og elevane oppnår både fagbrev og generell studiekompetanse. Dette i motsetnad til mange elevar frå yrkesfagleg studieretning som ikkje består allmenn påbygg og som står att utan fagbrev eller studiekompetanse. Maritim Forening Sogn og Fjordane meiner at vidareføring av noverande modell på langt sikt vil gje dei beste og mest kompetente medarbeidarane for næringslivet og for våre medlemsverksemder spesielt.

Florø, 18.11.2016

Maritim Forening Sogn og Fjordane



6

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Karianne Alette Torvanger  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 15:58  
**Til:** Bekka Skaasheim; Merete Husabø Nornes  
**Emne:** VS: YSK-opplæring

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Fleire innspel vi har fått.

Mvh  
Karianne

**Fra:** Hege Saetren [mailto:hegesaetren@hotmail.com]  
**Sendt:** søndag 20. november 2016 13:58  
**Til:** Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; alfred.bjorlo@sfj.no; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>  
**Emne:** YSK-opplæring

Til

Medlemmane i hovudutvalet for opplæring

### Innspel til opplæringstilbudet 2017/2018

I framlegget til opplæringstilbud ved Måløy vidaregåande skule for 2017/2018 er det lagt fram ei tilråding om at YSK-opplæringa skal lysast ut for dei tre programområda helse- og oppvekstfag, naturbruk- marine fag og teknikk og industriell produksjon. Dette synest vi er veldig bra.

Men i framlegget står det at Måløy vgs berre kan ta inn 12 elevar som skal fordelast på dei tre programområda. De betyr det at det kan bli berre fire elevar i klassene i programfaga. Det betyr at elevane vil på Vg1 få opplæring i lita gruppe i 8 av 22 timar og på Vg2 i 12 av 22 timar.

	Programfag	Fellesfag	Opplæring bedrift
Vg1	8	14	15
Vg2	12	11	15
Vg3	0	26	15
Vg4	0	21	22,5

I konklusjonen i YSK-utgreiinga seier fylkesdirektøren at YSK-tilboda er kostbare. Når klassene vert så små som det er foreslått, vert opplæringa pr. elev endå høgare enn den er i dag.

For klassemiljøet er dette også veldig negativt. Når elevane på YSK utdanninga berre er på skulen tre dagar for veka, er det viktig at klassene ikkje vert for små.

Fylkesdirektøren seier også i utgreiinga at:



Intensjonen bak YSK-opplæring er at elevane skal få både fagbrev og spesiell studiekompetanse, slik at ein etter vidaregåande opplæring kan velje om ein vil jobbe som fagarbeidar nokre år eller gå vidare på høgskuleutdanning. Eg vil også peike på at kombinasjonen med ei yrkesfageleg grunnutdanning og ei utdanning i økonomi- administrasjon kan vere svært nyttig, fordi ein har fått god kunnskap om dei ulike yrka gjennom arbeidet som lærling.

Det er viktig for oss at klassene ikkje vert for små, slik at vi for mogelegheit til å skape eit godt klassemiljøet, for alle elevane ved skulen. Eg håpar at hovudutvalet for opplæring vil ta omsyn til innspel frå elevane når opplæringstilbodet skal vedtakast for skuleåret 2017/2018.

Med helsing

Hege Sætren

Elevrådsleiar Måløy vgs.

7

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Paul Olaf Baraas <Paul.Olaf.Baraas@mef.no>  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 17:12  
**Til:** Postmottak Sentraladm; Karianne Alette Torvanger; alfred.bjorlo@sfj.no; Gunn Åmdal Mongstad; Anders Ryssdal; Ole Johnny Stubhaug; Henrik Oppen; Senea Sabanovic; Sonja Merethe Øvre-Flo; Trude Brosvik  
**Kopi:** Bekka Skaasheim; Merete Husabø Nornes; Harald Kvame (harald@hkvame.no); Jan Erik Øygard (mef); Thomas Helgås Østerbø (thomas@enservice.no)  
**Emne:** Vedrørende sak 35/2016 i hovudutval for opplæring til møte den 22.11.16  
**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Til utvalsmedlemene i hovudutval for opplæring.

Det visast til sakspapira for møtet i hovudutvalet den 22.11.2016 som er kunngjort på <http://www.sfj.no/offentlig-mote-hovudutval-for-opplaering-22-11-2016.344489.nn.html?mid=1749.02d0e3e464>

I sak nr 35/2016 er det for opplæringstilbodet innan VG2 anleggsteknikk føreslege å tilby kun to grupper for utdanningstilbodet henholdsvis ved Mo og Øyrane VGS og Sogndal VGS. Bakgrunnen for det er at det i saksgrunnlaget som er lagt fram står at det er 7 kandidatar som ikkje har fått læreplass pr. 01.09.2016. For at utvalet skal kunne ta avgjerd i saka bør fakta leggest til grunn. Av dei 7 kandidatane er 4 stk som er komt med som ikkje har gjennomført verken VG1 eller VG2. Vidare er det 1 stk kandidat som har fått anbefaling om omskulering til anna yrkesretning pga helsemessige årsaker. Ein har fått læreplass hjå bedrift på austlandet, men ikkje teken ut av talgrunnlaget. Det vil sei at ut i frå dette står ein igjen med 1 person som har søkt læreplass utan å få svar pr. i dag.

For 2016 har prosess med å få signerte lærekontrakt i anleggsbransjen med bedriftene teke lenger tid enn på same tid i 2015. Årsaka til det er at det har vore ein usikkerheit i anleggsbransjen pga at det har vore færre oppdrag å levere tilbod på, spesielt innan for det offentlege. Opplæringskontoret for Anlegg og Bergverksfaga (OKAB) har pr. i dag 37 signeret nye lærekontraktar. Det vil sei at dei kandidatane som kjem ut frå VG2 anleggsteknikk har ein læreplass til. Eit anna moment som bør vektleggast er at det i dei siste åra har vore oversøking på VG2 anleggsteknikk sjølv om ein har hatt 36 studieplassar tilgjengeleg. OKAB har også hatt ein stabil auke på antal lærekontrakter dei siste åra.

Andre moment som ein bør vektlegge er at regjeringa arbeider med ei ny forskrift om lærlingar. Denne forskrifta som eigentleg skulle tre i kraft i haust er utsett på ubestemt tid. Det som er faktum er at ein del offentlege byggherrar allereie begynt å stille krav til at bedriftene skal ha lærlingar i forhold til dei oppdrag som skal utførast. Det betyr at bedrifter som skal delta i konkurransen og gjennomføringa av offentlege oppdrag må vere godkjende lærebedrifter og/ellar ha lærlingar som utfører arbeidet på dei ulike prosjekt. Med denne bakgrunn vil ein måtte legge til grunn at fleire bedrifter vil etterspørje lærlingar i åra som kjem.

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) meiner det vil vere lite framtidsretta å redusere utdanningstilbodet på eit område som treng sær mange fagarbeidarar i åra som kjem både sett i forhold til aldersamansetting i bransjen, men også i forhold til den forskrifta om lærlingar som er under utarbeiding. MEF ber derfor hovudutvalet for opplæring om å oppretthalde 3 grupper på utdanningsval VG2 Anleggsteknikk basert på dei siste års søkjartal til dette utdanningsvalet. Alternativt kan ein velje å gå for tilrådinga til fylkesdirektøren med to grupper, men legge til rette for i vedtaket at ein kan auke antal grupper når søkjartala er klare etter søknadsfrist.

Kopi av e-post til:  
Fylkesdirektør for opplæring Bekka Skaasheim

Utvalsekretær Merete Husabø Nornes  
Styreleiar MEF avd. Sogn og Fjordane Harald Kvame  
Styreleiar OKAB Sogn og Fjordane Thomas Østerbø  
Dagleg leiar OKAB Sogn og Fjordane Jan Erik Øygard

Med venleg helsing

**Paul Olaf Baraas**

Regionsjef

Region Vest

Mobil: (+47) 906 22 087

**Maskinentreprenørenes Forbund**

**Region Vest**

Postadresse: Eidvågbakken 1, 5105 Eidsvåg

Telefon: (+47) 994 28 900

[www.mef.no](http://www.mef.no)

[Anleggsmaskinen.no](http://Anleggsmaskinen.no)

[Facebook - MEF Norge](#)

[Facebook - Anleggsmaskinen](#)

[Facebook - Anlegg 2017 i Haugesund](#)

[Facebook - MEF Loendagane](#)

[Eierskiftealliansen Sogn og Fjordane og Hordaland](#)

8

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Karianne Alette Torvanger  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 15:58  
**Til:** Bekka Skaasheim; Merete Husabø Nornes  
**Emne:** VS: Utdanning for røyrfag, ventilasjon, blikk og takteking foreslått flytta frå Sunnfjord

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

**Fra:** Øystein Garfors  
**Sendt:** torsdag 17. november 2016 17:22  
**Til:** Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>  
**Kopi:** Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>  
**Emne:** Utdanning for røyrfag, ventilasjon, blikk og takteking foreslått flytta frå Sunnfjord

**Elevar som vil bli rørlegger, ventilasjon- og blikkenslager eller taktekker må etter innstillinga frå Fylkesadministrasjonen reise til Sogndal frå hausten av. Dette er dårleg nytt for næringa i Sunnfjord.**

KEM-linja er ei fylkeslinje som utdannar elevar frå byggfag vidare til røyrlaggarar og blekkslagarar. Linja ligg i dag i nye lokale på Flora vidaregåande skule som har bygd eit sterkt fagmiljø.

### Behova for faglært arbeidskraft kjem først

Denne fylkeslinja i Flora rekrutterer mest frå Sunnfjord, og Nordfjord, men også Sogn. Opplæringsavdelinga ønskjer likevel å legge ned KEM-linja frå Florø og starte den opp igjen i Sogndal.

I Fagopplæringsnemnda sin uttale til dimensjonering av yrkesopplæringa i fylket presiserer dei; at det er særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskje. Då er det merkeleg at dei vil flytte linja frå Flora og Sunnfjord, fordi det er her lærebedriftene og læreplassane er.

### Dobbelt så mange læreplassar i Sunnfjord

Totalt er det 44 læreplassar i haust innan KEM-faga. 36 på rør 8 innan blikk. Desse er fordelt på 23 i Sunnfjord, 11 i Sogn og 10 i Nordfjord. Over halvparten av læreplassane ligg i Sunnfjord. Opplæringskontoret for Byggfag rapporterer at dei har 26 godkjente lærebedrifter innan røyr i Sunnfjord, medan berre 6 i Sogn.

For å utdanne nok fagarbeidarar bør denne fylkeslinja ligge strategisk til slik at elevane får ein kortast mogleg veg ut i bedrift når dei er ferdige. Vi ser at elevane i svært liten grad er mobile, og vert linja flytta må alle frå Sunnfjord og Nordfjord flytte på hybel. Flora Vidaregåande skule dekkjer i dag både Sunnfjord og ytre Nordfjord og har ein timeplanen som gjer at elevar frå andre stader i fylket kan ha arbeidspraksis to dagar i veka på sin heimstad.

Vert linja flytta vert bransjen tvunge til å finne andre måtar å rekruttere på enn via den offentlege skulen.

### Sterkt fagmiljø

Flora vgs har gjennom mange år bygd ein brei kompetanse og eit godt utvikla nettverk mellom skule, arbeidsliv og leverandørar. Det sterke samarbeidet har ført til at alle elevar dei siste åra har gjennomført utdanninga og gått vidare ut i arbeid.

Vi får ikkje utvikla skulen vidare dersom det kvart år skal bli diskusjonar om ein skal oppretthalde linja eller ikkje. Framlegget skal opp i hovudutval for opplæring tysdag 22/11. Vi oppmodar utvalet om å ta ei avgjersle som tekkar behovet til næringa og som lar fagmiljøet i Florø bestå.

Øystein Garfors, arbeidslivskontakt ved Flora vgs

Jon Holsvik Sørland, hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet ved Flora vgs

9

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Bekka Skaasheim  
**Sendt:** måndag 21. november 2016 21:02  
**Til:** Merete Husabø Nornes; Susan Kathinka Halvorsen Husabø  
**Emne:** Fwd: Opplæringstilbudet for skuleåret 2017/2018  
**Vedlegg:** image001.jpg

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Nils Arne Ødegård <[nilsarne@byggopp.no](mailto:nilsarne@byggopp.no)>  
**Dato:** 21. november 2016 kl. 16.42.12 CET  
**Til:** Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>, Tor-Einar Holvik Skinlo <[Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no](mailto:Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no)>  
**Kopi:** "[marta.sofie.vange@sfj.no](mailto:marta.sofie.vange@sfj.no)" <[marta.sofie.vange@sfj.no](mailto:marta.sofie.vange@sfj.no)>, Henry Arne Helle <[Henry.Arne.Helle@sfj.no](mailto:Henry.Arne.Helle@sfj.no)>, "[arnfinn.ekerheim@sfj.no](mailto:arnfinn.ekerheim@sfj.no)" <[arnfinn.ekerheim@sfj.no](mailto:arnfinn.ekerheim@sfj.no)>, "[Knut.Christian.Clausen@sfj.no](mailto:Knut.Christian.Clausen@sfj.no)" <[Knut.Christian.Clausen@sfj.no](mailto:Knut.Christian.Clausen@sfj.no)>  
**Emne:** **Opplæringstilbudet for skuleåret 2017/2018**

Hei!

Ber om at innspela under vert levert ut til medlemmane i hovudutvalet for opplæring under møre i morgo.

Til: medlemmane i hovudutvalet for opplæring

Bransjens behov for 2 KEM klassar i fylket.

Byggopp har tidligare i prosessen rundt skulestrukturen spelt inn til fylkes administrasjonen at vi har behov for VG2 KEM både på Sogndal vg skule og Florø vg skule. Forslaget frå fylkesdirektøren for opplæring til fylkes politikarane er kun VG2 KEM ved Sogndal vg skule og nedleggelse av KEM ved Flora vg skule.

Byggopp og organisasjonane i næringslivet ( VBL og RØYRENTREPRENØRANE) som rekruttera til lærefaga frå KEM ser stort behov for lærlingar og ynskjer at både Sogndal og Florø skal ha søkbare VG2 linjer for skuleåret 2017/18.

Byggopp har hatt ein auke i læreplassar innan røyrleggar og spesielt ventilasjon og blikkslagerfaget siste åra. Pr dato må Byggopp hente lærlingar som ikkje har rett bakgrunn for fylle læreplassane våre medlemsbedrifter har til rådighet.

Byggopp har samtlige lærekontraktar innan KEM faga i fylket og har god oversikt over behovet.

Byggopp, VBL og RØYRENTREPRENØRANE skjønner at vi må ha nok søkjarar til klassane om vi skal få starte opp KEM linje både i Florø og Sogndal, men da ber vi om at begge tilboda vert søkbare for skuleåret 2017/18

Se vedlegg.

Vennlig hilsen

[2Rørentreprenørene Norge-Vest]

Morten Husa  
Daglig leder

Rørentreprenørene Norge – Vest SA  
Rørentreprenørenes Opplæringskontor - Hordaland  
Bergens Rørleggerlaug  
Tlf. 55 53 02 10<tel:55%2053%2002%2010>  
Mob. 93 22 40 80<tel:93%2022%2040%2080>  
E-post: [morten.husa@rornorge.no](mailto:morten.husa@rornorge.no)<mailto:morten.husa@rornorge.no>

Sendt fra min iPad

Mvh  
BYGGOPP S og FJ  
Nils Arne Ødegård  
- leiar-



# RØRENTREPRENØRENE NORGE - Vest

Byggopp Sogn og Fjordane  
Postboks 572  
6803 Førde

Eidsvåg, 21.11.2016

## Vedr. dimensjonering av VG2 KEM i Sogn & Fjordane

Rørentreprenørene Norge har 11 medlemsbedrifter i Sogn og Fjordane, og hovedvekten av disse ligger i to områder; Førde/Florø og Sogndal.

Våre medlemsbedrifter har 41 løpende lærekontrakter i rørleggerfaget, og har skrevet henholdsvis 18 nye kontrakter i 2015 og 16 hittil i 2016.

I takt med skjerpingen av lærlingeklausul i offentlig bygging, samt behovet for faglært arbeidskraft i våre bedrifter, er det helt avgjørende at våre medlemsbedrifter har muligheten til å rekruttere lærlinger i sitt eget lokalmiljø. Den viktigste rammebetingelsen i dette er at det finnes et riktig geografisk skoletilbud.

Hvis skoletilbudet om VG2 KEM blir lagt ned i Florø, vil det kunne få dramatiske konsekvenser for lærlingetilgangen i vårt fag, og våre bedrifter i Førde/Florødistriktet vil ikke kunne innfri kravene til faglært arbeidskraft og også være diskvalifisert for å kunne konkurrere om kontrakter i offentlig bygging.

Rørentreprenørene Norge – Vest ber derfor om forslaget om nedlegging av VG2 KEM ved Flora vgs. blir vurdert på nytt.

Vennlig hilsen,

Morten Husa  
Daglig leder